

Askvoll kommune

Oppretta dato:	17.03.2026	Revidert dato:	02.07.2026
Vedteken dato:	dd.mm.åååå	Saksnr.utval	073/26

Reguleringsføresegn for

Detaljregulering for fv. 5662 Værlandet ferjekai

Nasjonal arealplan-ID: 4645_2025001

1. Hensikta med planen

Hovudformålet med planen er å leggje til rette for ny og utbetra ferjekai for hybrid ferjedrift til Værlandet. Planen opnar for etablering av ei større og meir funksjonell ferjekai, betre mobilitet og infrastruktur på land og daglegvarehandel/kontor.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1. Utforming PBL § 12-7 nr. 1

2.1.1. Det skal tilstrebast heilskapleg utforming med god funksjonell og arkitektonisk kvalitet for bygningar, teknisk infrastruktur og murar.

2.1.2. Det skal utarbeidast landskapsplan for tiltaket i prosjekteringsfasen. Denne skal vere førande for bygging og ferdigstilling av anlegget.

2.1.3. Bygde element, som murar, servicebygg og teknisk infrastruktur, skal ha høg materialkvalitet som toler marint klima og drift knytt til ferjekai.

2.1.4. Anlegg, murar, kaiinstallasjonar, belysning, tekniske bygg og uteareal skal tilpassast terreng, strandsona og eksisterande omgjevnader.

2.1.5. Ved etablering av belysning i samband med tilleggingskaia skal det nyttast lyskjelder som er skjerma i horisontalplanet for hindre blending av ferjene og omkringliggande busetnad. Det skal ikkje etablerast nye permanente lyspunkt som kastar lys i sjøkanten. Lyssetting av veg og gangareal må i størst mogleg grad vinklast vekk frå sjøen.

2.2. Støy PBL § 12-7 nr. 3

2.2.1. Støy frå byggje- og anleggsverksemd i området skal ligge under støygrenser fastsett i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Dersom støygrensene ikkje kan oppfyllast av tekniske eller tryggleiksmessige årsaker, skal dette grunnjevast og det skal dokumenterast at relevante avbøtande tiltak er vurderte og gjennomførte.

2.2.2. I anleggsfasen skal spesielt støyande arbeid som boring og knusing gjerast i dagperioden (kl. 7 – 19) på kvardagar. Det skal ikkje utførast støyande arbeid i nattperioden (kl. 23 – 07). Naboar skal varslast på førehand om arbeid knytt til sprenging og steinknusing. Det skal ikkje utførast støyande arbeid på heilagdag, påskeveka, fellesferien eller i romjula.

2.3. Universell utforming

2.3.1. Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjengelegheit for alle. Tilkomst til bygningar og funksjonar skal i størst mogleg grad ha universell utforming. Venterom på kaia skal ha universell tilkomst.

2.4. Byggegrenser

2.4.1. Byggegrenser for alle arealformål innanfor 3.1, o_KAI og o_ST er regulert i plankart. Der byggegrensa ikkje er synleg i plankartet er den samanfallande med formålsgrensa. Tiltak som kai- og vegutforming, parkering, mindre tekniske bygg og avbøtande tiltak i høve havnivå og bølgeoverskylling kan gjennomførast nærmare sjø enn byggegrense så lenge det er innanfor arealformål etter 3.1. og 3.2.

Byggegrense mot kommunal- og fylkeskommunal veg er 15 meter frå senterlinje veg der ikkje anna er fastsett.

2.5. Nettstasjonar, teknisk infrastruktur og VA-anlegg

2.5.1. Nettstasjonar, bygg for VA-anlegg, VA-leidningar og elektriske kablar kan etablerast under bakkenivå i heile planområdet, med unntak av innanfor hensynssona H730 jf. 2.6.1.

2.6. Kulturminne PBL § 12-7 nr. 2

2.6.1. Det skal ikkje settast i gang tiltak som kan skade eller skjemme kulturminne (ID 336153-0), vist med omsynssone H730.

2.6.2. Dersom det under arbeid i planområdet vert avdekt kulturminne skal arbeidet stoppast i den utstrekninga det rører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter, frå kulturminnet sin ytterkant. Dei som utfører arbeidet i marka skal vere kjent med denne føresegna. Melding om funn skal straks varslast til Vestland fylkeskommune i samsvar med kulturminnelova § 8 andre ledd.

2.7. Natur- og miljøomsyn

2.7.1. Vegetasjon i strandsona skal bevarast så langt som mogleg.

2.7.2. Det er krav til miljøoppfølgingsplan (MOP) som skal liggje til grunn for prosjektering, anleggsgjennomføring og drift. MOP skal ha føringar til handtering av massar, avrenning til sjø, støy, støv, naturmangfald, og avbøtande tiltak i anleggsfasen. MOP skal følge søknad om igangsetjing og oppdaterast fortløpande gjennom prosjektet.

2.7.3. Det er ikkje tillate med vegetasjonsrydding i perioden 1. mars – 31. juli grunna hekking for sårbare fugleartar.

2.7.4. Det er ikkje tillate med støyande anleggsarbeid på land i perioden 1. mars – 31. juli grunna hekking for sårbare fugleartar.

2.7.5. Det er ikkje tillate med støyande arbeid i sjø i perioden 1. januar – 31. juli. Støyande arbeid kan t.d. vere ramming av pelar eller sprenging.

2.8. VA-rammeplan og overvasshandtering

2.8.1. Overvatn skal handterast innanfor planområdet med lokal infiltrasjon og open fordøying. Vatnet skal leiast bort frå nye tiltak.

2.8.2. Utbygging skal ikkje medføre auka forureining på eksisterande system og resipient i høve til dagens situasjon. Dette gjeld både i anleggsfasen og etter at tiltak er ferdigstilt.

2.8.3. Det kan etablerast naudsynte leidningar, røyr, kummar, kulvertar, borehol eller anna teknisk VA-infrastruktur under bakkenivå i heile planområdet, uavhengig av regulert føremål, med unntak av omsynssoona H730 jf. 2.6.1.

2.9. Handsaming av matjord/topplag

2.9.1. Topplag/matjord som ikkje er infisert av framande skadelege artar skal takast vare på og nyttast i planområdet.

2.9.2. Andre massar som vert tatt av for etablering av tiltaket skal mellomlagrast lokalt i rankar med maks 2 meter høgde og gjenbrukast i tiltaksområdet.

2.10. Beredskap og sikkerheit

2.10.1. Det skal sikrast naudsynt tilkomst for brann, politi og ambulanse fram til kaikonstruksjonar og tekniske installasjonar.

2.11. Storm og bølgepåverknad

2.11.1. Veg og tiltak skal sikrast mot stormflo (200 år) og bølgepåverknad for å sikre verdiar og menneske på land. Tiltak og konstruksjonar plassert under kote +2,6 m (NN2000) skal dokumenterast som sikre mot havnivåstigning, stormflo med klimapåslag.

2.11.2. Det må etablerast tiltak som brystvern som når opp til +3,2 m for å sikre eksisterande areal mot overskylling frå bølger. Bølgjesikring kan t.d. vere jersey-blokker som er forankra til underlaget, plasstøypd betongmur eller store steinblokker.

2.11.3. Om tilrådde høgder i 2.11.1 og 2.11.2 skal fråvikast må det dokumenterast tilstrekkeleg sikkerheit gjennom fagkyndig vurdering.

2.12. Anleggsgjennomføring

2.12.1. Det skal utarbeidast ein plan for trafikktryggleik for å sikre nødvendige tiltak for trafikktryggleik gjennom heile anleggsperioden. Det skal rettast særskild merksemd mot trafikkhandtering i samband med anleggsaktivitet både på land og sjø for ulike utbyggingsfasar.

2.12.2. Det må etablerast trygg tilkomst til private eigedommar på gnr./bnr. 60/73, 60/74, 60/177, 60/192 og 60/202 i heile anleggsperioden.

2.12.3. I anleggsperioden skal det leggjast til rette for, og sikrast, moglegheit for kontinuerleg drift på ferjesambandet.

2.12.4. Gjennomføringsplan for anleggsarbeid skal sikre tilkomst til daglegvare (F/K) og private eigedommar på gnr./bnr. 60/73, 60/74, 60/177, 60/192 og 60/202 gjennom heile anleggsperioden.

3. Føresegner for arealformål

3.1. Bygninger og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1. Fritidsbustad (FB)

Området skal nyttast til fritidsbustad med tilhøyrande teknisk anlegg, uthus og uteareal med maks tillatt utnyttingsgrad på BRA 200 m².

Maks. tillatt byggehøgde (møne) er +6m.

Det kan plasserast inntil to uthus/anneks på tomta.

Det kan opparbeidast to parkeringsplassar for FB på tomta.

3.1.2. Næringsbygningar (NÆ)

Området kan nyttast til industri-, handeverks- og lagerverksemd.

Maks tillatt utnyttingsgrad er BRA 400 m². Maks. tillatt byggehøgde (møne) er +9m.

NÆ kan nyttast til rigg og til mellomlagring av stein- og jordmassar i samband med etablering av tiltak innanfor planområdet.

3.1.3. Kombinert forretning og kontor (F/K)

Området kan nyttast til forretning og kontor i samsvar med dagens bruk. Maks tillatt utnyttingsgrad er BYA 80%. Maks. tillatt byggehøgde (møne) er +9m over min. planert terreng +3m.

Parkering for F/K skal løysast i P.

Ved nybygging/ombygging/bruksendring skal det settast av tilstrekkeleg og eigna areal for oppsamlings- og hentestader for renovasjon, inklusiv tilkomst, oppstillings- og manøvreringsareal. Renovasjon skal handterast innanfor arealformål F/K eller P.

3.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1. Fellesføresegner for samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Samferdselsanlegg skal opparbeidast som vist i plankart. Det kan gjerast mindre avvik frå dette i samråd med aktuell vegmynde. Maks tillatt utnyttingsgrad er BYA 100%. Maks. tillatt byggehøgde (møne) er +6m over min. planert terreng +3m.

Avkøyrslar langs vegane er markert med avkøyrslsymbol – avkøyrsllepil.

Avkøyrsllepilane er rettleiande. Avkøyrslar kan flyttast inntil 3 meter frå vist plassering dersom dette er naudsynt av omsyn til terreng, tekniske løysingar eller trafikktryggleik.

3.2.2. Veg (V)

O_V1 er tilkomstveg til innfartsparkering o_PI som er privat parkering til daglegvarebutikk i F/K.

V2 er privat tilkomstveg til bustader på gnr./bnr. 60/192, 60/202 og 60/177.

V3 er privat tilkomstveg til gnr./bnr. 60/73, 60/74 og 60/153.

3.2.3. Køyreveg (KV)

o_KV1 er køyreveg FV5662 (Nordsjøvegen) frå hovudveg ned til oppstillingsplassar og funksjonar på kaia.

o_KV2 er oppstillingsplass for trafikk til ferja og køyreareal fram til brubås. Det er planlagt plass til 49 personbilekvivalentar på oppstillingsplass. o_KAI har overlappende grensesnitt mot o_KV2. Delar av o_KAI byggast inn under o_KV2.

o_KV3 er køyreveg KV93 (Nordsjøvegen).

3.2.4. Fortau (FO)

Fortau o_FO1-2 er offentlig fortau.

3.2.5. Gangveg, gangareal eller gågate (GG)

GG er gangveg ved P.

Det skal opparbeidast tilstrekkeleg bølgevern og sikring mot fall i sjø i samsvar med føringar i 2.12, 4.1.2 og 6.2.1.

3.2.6. Anna veggrunn, grøntareal (AVG)

o_AVG1-5 og o_AVG7 er sideareal til offentlig veg.

AVG6 er sideareal til privat veg.

Formåla skal etablerast ved oppgradering/bygging av tilhøyrande vegstrekningar. Arealet kan nyttast til skjering, fylling, grøft, rekkverk og teknisk infrastruktur. Fyllingar skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

3.2.7. Kai (o_KAI)

o_KAI skal nyttast til oppføring av ny brubås, kaiplate, ferjekaibru, bruhus, tilleggingskai m.m. Det er opning for å etablere ladetårn, installasjonar, mindre bygg og naudsynte tekniske installasjonar på tilleggingskaia. Det er ikkje tillate å etablere andre bygningar eller strukturar enn dei som er naudsynt for landstrøm/lading, og ordinær drift av kaia.

Maks tillatt utnytingsgrad er BYA 100%. Maks. tillatt byggehøgde (møne) er +6m over min. planert terreng +2,3m.

Teknisk infrastruktur på tilleggingskaia skal sikrast med ringmur i betong, eller tilsvarande, mot bølgepåverknad og stormflo opp til høgde +3,0 m, og bygningselement skal vere dimensjonert for å tole overskyllande bølger opp til +4.0 m.

3.2.8. Kollektivhaldeplass (o_KH)

o_KH er oppstillingsplass for rutebuss.

3.2.9. Pendlar-/innfartsparkering (o_PI)

o_PI er innfartsparkering. Det skal etablerast min. 8 parkeringsplassar, der 1 er avsett til HC-parkering.

Det skal etablerast universelt utforma tilkomst frå o_PI til o_KH.

Det skal etablerast ladeinfrastruktur til min 5 el-bilplassar.

Maks tillatt utnyttingsgrad er BYA 100%. Maks. tillatt byggehøgde (møne) er +6m over min. planert terreng +5,5m.

3.2.10. Parkering (P)

P er parkering til butikk og ferjekai. Samt funksjonar som er naudsynte for dagleg drift- og servicefunksjon for bruk av kaiområdet, til dømes teknisk infrastruktur, ladetårn eller varelevering.

Det skal etablerast 12 parkeringsplassar, der 1 er avsett til HC-parkering.

Det skal etablerast ladeinfrastruktur til el-bil.

Maks tillatt utnyttingsgrad er BYA 100%. Maks. tillatt byggehøgde (møne) er +6m over min. planert terreng +2,5m.

3.2.11. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (o_ST)

o_ST skal nyttast til oppføring av tekniske bygg som trafo, nettstasjon, servicebygg og lignande teknisk infrastruktur. Fargeval, arkitektoniske løysingar og materialbruk skal tilpassast terrenget og omkringliggende bygningar. Det skal nyttast naturstein og/eller tre i tilpassing av bygg. Tekniske bygg, som til dømes servicebygg, som er over 10kvm, ha saltak. Nettstasjonar kan førast opp uten saltak.

Det skal vere universelt utforma tilkomst for gåande frå o_P1 til o_F01, o_F02 og o_KH.

Det skal leggest til rette for gjennomkøyring for servicekøyretøy frå o_PI gjennom o_ST til P1. Avkøyrsløp inn til o_ST frå P1 og o_PI skal vere avstengt med bom.

3.2.12. Samferdselsanlegg eller teknisk infrastruktur kombinert med andre gitte hovudformål (o_SAA)

Feltet er kombinert av arealformåla samferdsle (kai) og grønstruktur (park).

o_SAA er opphaldsplass for mjuke trafikantar og reisande.

Opphaldsplassen skal etablerast med gode kvalitetar og vere universelt utforma.

Innanfor o_SAA skal det etablerast sykkelparkeringsplassar med A-stativ eller tilsvarande stativ som gjer det mogleg å låse fast sykkelramma. Sykkelparkeringa skal vere plassert under tak. Det skal opparbeidast tilstrekkeleg bølgevern og sikring mot fall i sjø i samsvar med føringar i 2.12, 4.1.2 og 6.2.1.

3.3. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrifformål (§ 12-5 nr. 5)

3.3.1. LNFR for naudsynte tiltak for stadbunden næring (LNF)

Området kan nyttast til nødvendig drift av landbruk og gardsrelatert næring.

3.4. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.4.1. Fellesføresegner for Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (felt HOS, BSV, , o_VAA)

I søknad om tiltak i sjø skal det gjerast greie for støy og avbøtande tiltak i samsvar med gjeldande krav i forureiningsregelverket og Miljødirektoratet si retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

Ved undervasssprenging og peling skal det gjennomførast avbøtande tiltak for å avgrense negative verknader på det marine miljøet. Val av tiltak skal dokumenterast i søknad om tiltak.

Plan for kontroll og overvaking av undervassstøy skal inngå som del av søknad.

Ved all sprenging i sjø skal det sikrast minimal spreieing av sediment i vassresipient. Det kan til dømes nyttast dobbel boblegardin, eller tilsvarande.

Det skal nyttast sekvensiell undervass-sprenging for å avgrense skadeverknad på marine organismar.

Ved arbeid i sjø skal det gjerast tiltak for å hindre spreieing av framande artar i sjø og på land.

Ved mudring/utfylling/peling og anna arbeid i sjø som ikkje er sprenging skal det nyttast eigna avbøtande tiltak for å avgrense spreieing av partiklar og sediment. Val av tiltak skal dokumenterast i søknad.

Det skal undersøkast om det er fisk i nærliggande akvakulturanlegg i Aldefjorden før eventuelt støyande arbeid i sjø. Dersom det er fisk i anlegget, skal tidspunkt og gjennomføring av arbeidet tilpassast i samråd med anleggseigar.

3.4.2. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)

Det er ikkje tillate med tiltak som kan vere til hinder for allmenn ferdsel, naturmiljø eller vassmiljø.

3.4.3. Hamneområde i sjø (HOS)

Det vert tillate utdjupeing av hamneområdet for å sikre forsvarlege tilhøve for ferjedrifta.

Det kan etablerast plastring på sjøbotn for å hindre erosjon

Det er ikkje tillate med leidningar, røyr og andre innretningar i sjø eller på sjøbotnen som kan vere til hinder for bruken av området til ferjedrift.

3.4.4. Fylling i sjø (VAA)

o_VAA er kombinert føremål for hovudføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og hovudføremålet Bygningar og anlegg. Innanfor føremålet tillatast det fylling i sjø med bruk av plastring.

Utfylling og plastring i sjø skal sikrast god visuell kvalitet ved bruk av mur/plastring av høg kvalitet i naturstein på det som er synleg front ved fjære sjø. Det skal nyttast siltgardin eller tilsvarande ved utfylling i sjø. Arbeidet må utførast i samsvar med føringar i 2.8.1-2.8.6.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1. Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (H140, H320, H350)

4.1.1. Sikringssoner frisikt, H140.

I området mellom frisiktlinjene og køyrevegen skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

4.1.2. Faresone stormflo (H320)

Innanfor omsynssone H320 er det ikkje tillate å opparbeide eller etablere nye tiltak før det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot stormflo og havnivåstiging i samsvar med gjeldande tryggleikskrav. Det skal etablerast naudsynte sikringstiltak for å redusere flaumfare, jf. 2.13 og 6.2.1.

Ved planlegging og søknad om tiltak skal det utarbeidast dokumentasjon som viser nødvendige sikringstiltak, som til dømes oppfylling, heving av byggjegrund, sikring av konstruksjonar eller andre risikoreduserande tiltak. Det skal vere fall mot sjø for å drenere vatn frå overskylling.

4.1.3. Faresone – brann/eksplosjonsfare (H350)

Faresone H350 – brann- og eksplosjonsfare omfattar område rundt drivstoffanlegg med tankar for bensin og diesel. Innanfor sone er det ikkje tillate med tiltak som kan auke risikoen for skade ved brann eller eksplosjon, eller som ikkje er foreinlege med trygg drift av anlegget.

4.1.4. Faresone – høgspontanlegg (H370)

Faresone H370 omfattar område for teknisk ladeinfrastruktur knytt til elektrifisering av sambandet, inkludert ladecontainer og tilhøyrande elektriske installasjonar.

Innanfor faresona er det ikkje tillate med bygg, anlegg, lagring eller annan bruk som ikkje er knytt til drift, vedlikehald eller trygg funksjon av ladeanlegget.

Det kan etablerast tekniske installasjonar, driftsfunksjonar og naudsynt lagring for ferjekaia innanfor faresona, dersom dette ikkje reduserer tryggleiken rundt ladeanlegget eller hindrar tilkomst for naudetatar, drift og vedlikehald.

Det skal vere minst 8 meter avstand mellom battericontainer og bygg for varig opphald utanfor faresona.

Anlegget skal ha tilstrekkeleg tilgjenge for naudetatar, drift og vedlikehald.

4.2. Bandlagde område eller bandlegging i påvente av vedtak (§ 11-8 d)

4.2.1. Bandlegging etter kulturminnelova (sone H730)

Innafor H730 er det ikkje tillate med tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, dekke til, skjule eller på noko anna sett skjemme det automatisk freda kulturminnet, eller framkalle fare for at det kan skje.

5. Føresegner til føresegningsområde PBL § 12-7 nr

5.1. Føresegningsområde #MBA1-4 - Midlertidig bygg og anleggsområde

5.1.1. Områda kan nyttast til tiltak som er naudsynt for gjennomføring av kai- og vegprosjektet. Det gjeld mellombelse bygningar (brakker) og anlegg, riggområde og mellomlagring av material, massar m.m.

5.1.2. Mellomlagra massar innanfor anleggsområdet skal sikrast mot vassinntrenging og lagrast slik at avrenning til sjø vert unngått jf. 2.9.2. Tiltak for å minimere og avgrense avrenning skal konkretiserast i MOP og ved utarbeiding av detaljert byggeplan.

5.1.3. Området skal ryddast og settast i den stand i samsvar med reguleringsføremålet innan eitt år etter at anlegget er ferdig.

5.2. Føresegningsområde #1 - Støttestag for kai, PBL § 12-7 nr. 2

5.2.1. Innanfor føresegningsområde #1 kan det plasserast permanente støttestag for ny tilleggingskai i o_KAI.

5.2.2. I samband med utbygging av tilleggingskai i o_KAI kan det etablerast mellombelse støttestag. Mellombelse støttestag skal fjernast når tilleggingskaia er ferdigstilt..

5.3. Føresegningsområde #2 – Overlappande område, PBL § 12-7 nr. 1

5.3.1. Innanfor føresegningsområde #2 er det overlappande grensesnitt mellom o_KAI og o_KV2. Føringar til både o_KAI og o_KV2 er gjeldande.

5.4. Føresegningsområde #3 - Ladetårn og tekniske installasjonar, PBL § 12-7 nr. 3

5.4.1. Innanfor føresegningsområde #3 er det tillate å etablere ladetårn for ferjedrift med tilhøyrande teknisk infrastruktur, inkludert ladearmar og kabelføringar.

5.4.2. Ladetårn skal ikkje overstige kote +12,0 m målt til topp av konstruksjon.

5.4.3. Ladetårn skal dimensjonerast og utførast slik at det toler betydelege bølgekrefter utan skade eller funksjonssvikt. Nedre del av konstruksjonen skal utførast i betong opp til kote +3.2 m. Det må dimensjonerast for overskylling opp til kote +4.0m.

6. Rekkjefølgjeføresegner PBL § 12-7 nr. 10

6.1. Før bygning blir teken i bruk (o_KAI)

6.1.1. Før ferjekaia vert teken i bruk skal tilstrekkeleg bølge- og stormflaumvern vere opparbeida i samsvar med 4.1.2.

6.1.2. Før ferjekaia verte teke i bruk skal ventebu med naudsynt servicefunksjonar vere opparbeida i o_ST.

6.1.3. Før nytt bygg eller utviding av eksisterande bygg for forretning eller kontor innanfor F/K kan takast i bruk, skal naudsynt løysing for sløkkevatn vere etablert.

6.2. Rekkefølgje i tid (o_KAI og #MBA1-4)

6.2.1. Eksisterande kai kan ikkje rivast før innerst- og ytterste del av tilleggingskai, ny brubås og ferjebra på o_KAI er etablert.

6.2.2. Midlertidig bygg- og anleggsområde (#MBA1-4) skal takast i bruk i følgjande rekkefølge: #1, #4, #2 og #3. Nye område kan ikkje takast i bruk før føregåande område er nytta eller vurdert som utilstrekkeleg.